



Alversund Maskinstasjon AS
Buhaugen 6
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1424 - 19/19284

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
20.06.2019

Vedkomande spørsmål om avkjørsle - gbnr 137/665 og 794 Tuftemyra 2 A og B

Teknisk drift syner til telefonsamtale med Alversund Maskinstasjon AS v/Ove Myking, onsdag 19.06.2019, vedkomande opning av mellombels etablert avkjørsle til Tuftemyra 2 A og B.

Saka gjeld førepurnad til Alversund Maskinstasjon AS om opning av mellombels avkjørsle som er stengt av stor stein. Eigar av Tuftemyra 2 A har vore i kontakt med Alversund Maskinstasjon AS og Lindås kommune vedkomande stengt mellombels avkjørsle.

Historikk:

Alversund Maskinstasjon AS har etablert ei mellombels avkjørsle til Tuftemyrane 2 A og B i påvente av at støttemurane vert sett opp. Avkjørsle er etablert slik at den ikkje stettar dei tekniske krava som er gitt i løyve til etablering av avkjørsle frå kommunal veg. Mellombels avkjørsle er ikkje godkjent. Vegavdelinga i Lindås kommune anbefalte at Alversund Maskinstasjon AS å stengte avkjørsle.

Utføring og ferdigstilling:

Teknisk drift har fått tilbakemelding frå Alversund Maskinstasjon AS om at murer vil verte sett opp etter sommarferien. Avkjørsle og murane vil då verte etablert iht til krav i gitte løyver (geometrisk utforming, sikt, svingradius, dreneringsrør under avkjørsle, plassering iht avstandskrav offentleg leidningsnett etc).

Avkjørsle frå offentleg veg skal, i prinsipp, skal være etablert iht gitte løyve, før ein søker kommunen om ferdigattest/bruksløyve for bustad. Utbyggjar etablerte ei avkjørsle som var plassert i strid med gitte løyve. For å få på plass ei godkjent avkjørsle med tilhøyrande murar, vil Teknisk drift no setje ei frist for ferdigstilling av heile tiltaket. Lindås kommune ønskjer ikkje ytterligere trenering av saka og krev no at avkjørsle med tilhøyrande murar vert etablert iht gitte løyver.

Frist for opparbeiding av avkjørsle og murar, samt innsending av ferdigmelding vert sett til 01.09.2019. Mellombels avkjørsle kan nyttast frem til 01.09.2019. Dersom tiltak ikkje er utført og ferdigmeldt innan denne fristen, vil mellombels avkjørsle verte stengt på nytt.

Alle nødvendige godkjenninger for etablering av avkjørsle og murar ligg føre. Lindås kommune venter no på at ferdigmelding, for heile tiltaket, vert sendt inn til godkjenning.



Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Abora Prosjekt AS Lindås kommune ved byggesak Solheim Designere AS	Arnatveitlia 3 Øvre Korskirkesmauet 2B	5262 5018	ARNATVEIT BERGEN
--	---	--------------	---------------------

Mottakarar:

Alversund Maskinstasjon AS	Buhaugen 6	5911	ALVERSUND
----------------------------	------------	------	-----------